

# Møtebok 6 – 23, Lykling sokneråd 24.05.2023

**Dag:** Ons 24.05.23 **Tid:** kl 18:30 **Stad:** Lykling kyrkje

## Rådsmedlem:

Fridleif Lydersen, Sissel S. Gåsland, Heidi Vold Ådnanes, Linda S. Gunnarsjaa, Elisabeth Bjørnevik, Astri L. Sakseide og Inger Johanne Sele.

## 1.vara:

Johannes Bernhard Hjelland

**Opning:** v/ Inger Johanne Sele: nr 738 i salmeboka og nokre tankar omkring situasjonen i Europa

## Saksliste:

### Sak 47-23 Godkjenning av referat og innkalling

Ingen merknader til referat og innkalling.

### Sak 48-23 Meldingar og skriv

Svar gjeldande purring på varmepumpene. Mogeleg kyrkjeverje ser på saka når han er tilbake etter sommaren.

### Sak 49-23 Nokon som har noko å melde frå sitt ansvarsområde?

### Sak 50-23 17.mai gudstenesta 2023

Evaluering etter innslaga i gudstenesta.

- Kjekt med familiekoret. Ønsker å ha det med vidare
- Fint med blåsegruppa
- Fint å få flaggborga inn i kyrkja att
- Vakker song av Runa og Brynjar ved minnestøtta
- Gripande dikt lesing av Anja
- Mykje folk til gudstenesta og mange positive tilbakemeldingar i etterkant

### Sak 51-23 Val 2023

Informasjon til soknerådet, sjå vedlegga. Fordeling av oppgåver i soknerådet.

### Sak 52-23 Båttur m/konfirmantgruppa 2023/24

Soknerådet har gjort avtale m/dykkarklubben om båttur med konfirmantane laurdag 09.09.23. Soknerådet må stilla med 2 leiarar. Ansvarleg for innhaldet på turen i samarbeid med dei 2 frå dykkarklubben.

Linda og Elisabeth kan stilla frå soknerådet. Me prøver og å få med ein konfirmantforelder.

### Sak 53-23 Kanaldags gudstenesta 03.09.23

Soknerådet har ansvar for å leggja til rette i lokalet i forkant av gudstenesta.

- Me fordeler arbeidsoppgåver på augustmøtet
- Bømlo Kormix deltek

**Sak 53-23 Ymse**

- Brev frå bispekontoret med ønske om offer til Bjørgvin si vennskapskyrkje på Cuba.

- Lykling sokn har allerede gitt både avskjedsgåve for biskop Haldor Nordhaug og eit offer (4.februar) til Cubaprojektet. Offerlista frå hausten er allereie vedteken, så fleire offer til cubaprojektet må eventuelt komme på vårlista.

**\*Neste soknerådsmøte onsdag 30.08.23 kl 19:00. Første møte etter sommarferien.**

\*Ord til opning på neste møte: Astri

Vel møtt til soknerådsmøte i kyrkja☺

Helsing Inger